

Arvid Laland, Hognestad, 4340 Bryne
Einar Berg, Rogaland skogselskap, 4000 Stavanger
Fiskerikonsulenten i Vest-Norge



FISKERIKONSULENTEN KONTROLLFISKE I SMOKKEVATN, TIME KOMMUNE, 10. AUGUST 1979.

01022 - 5.11.79

Smokkevatnet i Time har vore kjent for svært fin bestand av sika. I 1976 vart vatnet prøvefiska i samband med ei noko større undersøking av siken på Jæren. Det vart då fanga 43 sika på ein standard Jensen prøvegarnserie. Gjennomsnittslengda var 35.5 cm og gjennomsnittsvekta var 579 g. Analysar av skjell og otolittar synte at veksten var svært god, faktisk mellom det beste som er observert hos sika i Norge. (Sjå figur). Kvaliteten på fisken var framifrå. Det vart prøvt både å røykje siken og å grave den. Både deler med svært godt resultat.

Sommaren 1978 var eg på Jæren i samband med eit anna oppdrag. Etter avtale med Arvid Laland fiska eg på ny i Smokkevatnet. Fangsten vart svært god, nær 100 sika av svært fin kvalitet. I tillegg vart det fanga 7 aurar, som etter opplysningar frå Laland var sette ut sommaren 1977. Aurane var svært feite, og hadde etter alt å dømme hatt god tilvekst.

Vinteren 78/79 vart det rapportert om fiskedød i Smokkevatnet. Ein rekna med at årsaka var oksygensvikt som følge av langvarig islegging, og ein frykta at alt liv i vatnet hadde stroke med.

For å kontrollere dette tok eg sommaren 1979 på ny kontakt med Laland. 10. august sette eg ut 4 garn med maskevidde 24 - 26 omfar. Fangsten vart 5 aurar og 2 ål. Talrike "åleringar" i garna synte at det framleis var mykje ål i vatnet. Siken såg derimot ut til å vere borte.

Det vart teke skjellprøvar av aurane, og vekstanalysane synte at veksten hadde vore god heile tida, men særleg god dei siste 1 - 2 åra. (Sjå figur). Etter tidspunktet for vekstomslaget å dømme, ser nr. 1, 2 og 3 ut til å vere utsett hausten 1977, medan nr. 4 og 5. ser ut til å vere sett ut hausten 1978.

Andre data for dei fanga aurane er synt i tabellen nedafor.

Nr.	Lengde i cm	Vekt i gr.	Kjønn	Stadium	Kjøtt- farge	K- faktor
1	35,3	530	♀	4	rød	1,20
2	34,5	550	♂	4	rød	1,33
3	32,3	390	♀	4	rød	1,16
4	31,1	370	♂	4	rød	1,23
5	24,2	185	♂	4	rød	1,31

4 av dei 5 fiskane var infiserte med ein rundorm av slekta Eustrongylides. Denne rundormen har aure som andre mellomvert, og fiskeetande fuglar er sluttvert. Larven er 3 - 8 cm lang og er lyseraud til blodraud. I levande fisk ligg larven samankrulla i grå-raude flate cyste i bukhola. Vert fisken liggjande litt etter den er daud, vil larven forlate cysta, og kan då opptre overalt i fisken, også i kjøttet. Fisken kan då verke uappetitteleg, men det er ingen fare med å ete den om den vert tillaga på vanleg måte (Koking, steiking). Ved å sløye fisken straks den er fiska unngår ein problemet.

Ved prøvefisket i 1976 vart det ikkje funne sik som var infisert med denne parasitten.

Sjøl om auren ser ut til å ha svært god tilvekst etter utsetjing i Smokkevatn, er det lite truleg at avkastninga av aure kan kome opp mot den potensielle avkastninga av sik. Siken har truleg større evne til å utnytte næringsgrunnlaget i eit vatn av denne typen. Siken har dessutan vist seg å vere sjølrekutterande i dette vatnet, medan eit aurebestand etter alt å dømme må oppretthaldast ved utsetjingar. Etter mi mening bør ein derfor prøve å innføre sik i vatnet på nytt. Faren for ny fiskedød vil sjølsaqt vere til stades, men statistisk sett er det likevel langt mellom kvar vinter av den sorten vi hadde no sist.

Det vart også teke vassprøvar i vatnet og i tilløpsbekken. Resultata av desse er derre ikkje tilgjengelege når dette vert skrive.

Jostein Nordland

Helsing Jostein Nordland

c/o Fiskerikonsulenten i Vest-Norge

Cm.

40

35

25

20

15

10

5

0

VEKSTKURVER FOR SIK OG AURE I SMOKKEVATN, TIME

sik 1976

nr. 1 aure 1779

nr. 2 - - -

nr. 3 - - -

nr. 4 - - -

nr. 5 - - -

1 2 3 4 5
ÅR